**MELAND KOMMUNE**
Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Øyvind Ommedal og Karin Strømmen
Skurtveitvegen 8
5917 ROSSLAND

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Dykkar ref. | | Journalp.ID | 11/1243 | Dato | 25.01.2011 |
| Vår ref. | MET | ArkivsakID | 11/111 | | |
| | | Arkiv nr. | GBNR-47/10, N-511 | | |

**MANGLAR I SØKNAD- ETABLERING AV VÅTROM I EKSISTERANDE BYGNING PÅ GNR 47, BNR 10**

Det vert vist til Dykkar søknad om tiltak etter pbl § 20-1, stempla motteken 11.01.2011.

**1. Manglande dokumentasjon**

Meland kommune har gått gjennom dykkar søknad, og ser at den manglar dokumentasjon som er påkrevd for at den skal kunne handsamast som søknad § 20-1, i plan- og bygningslova. Følgjande dokumentasjon manglar:

- Det må sendast inn ansvarsrett frå eit ansvarleg rørleggarfirma for etablering av våtrom.

- Det må sendast inn ny planteikning av driftsbygningen.

I påvente av at De sender inn den manglande dokumentasjonen vert difor søknaden lagt i ventearkivet vårt. Dei vanlege sakshandsamingsreglane som gjeld for slike saker, jf. forskrift om sakshandsaming og kontroll i byggjesaker av 24.juni 2003 vil berre gjelda når søknaden er komplett.

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Anny Bastesen
Kommunalsjef

Merethe Tvedt
Byggjesakskonsulent

**Adresse**
Postboks 79
5906 Frekhaug
Besøksadr. Havnevegen 41 A
postmottak@meland.kommune.no

**Telefon:**
56 17 10 00

**Telefaks:**
56 17 10 01
avd. 56 17 11 61

**Bankkonto:**
1503.18.83722

**Heimeside:**
www.meland.kommune.no
**Kartinformasjon:**
www.nordhordlandskart.no

avventer mangelbrevet
Rørlegger skal sende
inn.

MT

Igangsetjing av arbeid før det føreligg skriftleg løyve/samtykke skjer difor på eige ansvar.

Gebyr:
Handsaming av søknad/melding er gebyrbelagt. Når saka er ferdighandsama vert gebyr fastsett i samsvar med gebyrregulativ vedteke av Meland kommunestyre.
Nærare opplysningar om sakshandsamingsreglar finn De også på www.be.no

Nærare opplysningar om saksgang kan De få på Kommunalavdeling for natur, næring og tekniske tenester, tlf. 56171160, e-post: postmottak@meland.kommune.no

KOMM.AVD. FOR NATUR - NÆRING OG TEKNISKE TENESTER

Vivian Olsvoll

Vivian Olsvoll
Sekretær

**MELAND KOMMUNE**
Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Øyvind Ommedal og Karin Strømmen
Skurtveitvegen 8
5917 ROSSLAND

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Dykkar ref. | SØK | Journalp.ID | 11/515 | Dato | 12.01.2011 |
| Vår ref. | VIO | ArkivsakID. | 11/110 | | |
| | | Arkiv nr. | GBNR-47/10, N-511 | | |

**FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK PÅ GNR 47 BNR 10.**

Meland kommune har motteke Dykkar søknad/melding 11.01.2011.

Nedanfor følgjer ei orientering om lovpålagte tidsfristar og generelle sakshandsamingsrutiner.

Tidsfristar:
Plan- og bygningslova har sett tidsfristar for handsaming av ein del søknadstypar. Hovudregelen er at tidsfristar skal følgjast, og at fristen vert utsett dersom søknaden ikkje er fullstendig. Den tida det eventuelt vil ta ansvarleg søkjar/tiltakshavar å gjere søknaden fullstendig må difor leggjast til den forventa sakshandsamingstida.

| SAKSTYPE: | TIDSFRIST: |
|---|---|
| Søknad om tiltak etter Pbl §§ 20-1 og 20-2 | 3 veker |
| Søknad om tiltak etter Pbl§ 20-2 der det føreligg klage/protest | 3 veker |
| Søknad om tiltak etter Pbl §§ 20-1 og 20-2 som ikkje medfører dispensasjon | 12 veker |
| Søknad om igangsettingsløyve | 3 veker |
| **NB!**<br>Søknad om rammeløyve/løyve etter Pbl §§ 20-1 og 20-2 der søknaden inneber dispensasjon frå gjeldande arealplan m.m. | Ikkje lovpålagte fristar |

*Dersom ikkje frist for nabomerknader er gått ut ved innsending av søknad/melding, vert denne tida lagt til overnemnde fristar.*

Sakshandsaming i kommunen:
Kommunen går gjennom den innkomne søknaden/meldinga. Er saka fullstendig, vert vedtak fatta. Dersom det føreligg mindre manglar ved dokumentasjonen, vert ansvarleg søkjar/ tiltakshavar underretta om dette. Er saka så mangelfull at den ikkje kan handsamast, vert den returnert.

Enkle tiltak/melding om tiltak:
Dersom kommunen ikkje har gitt løyve eller samtykke innan 3 veker etter at fullstendig søknad/melding er motteke, kan arbeidet igongsetjast sjølv om ikkje vedtak/samtykke er gjort. Føresetnad for å kunne starte opp byggjearbeidet er at krava i plan- og bygningslova med tilhøyrande føresegner er oppfylt.


| Adresse | Telefon: | Telefaks: | Bankkonto: | Heimeside: |
|---|---|---|---|---|
| Postboks 79 | 56 17 10 00 | 56 17 10 01 | 1503.18.83722 | www.meland.kommune.no |
| 5906 Frekhaug | | avd . 56 17 11 61 | | **Kartinformasjon:** |
| Besøksadr. Havnevegen 41 A | | | | www.nordhordlandskart. |
| postmottak@meland.kommune.no | | | | |